

Postmottak Meland

Deres ref.:  
Vår ref.: 18/10218-8  
Saksbehandler: Hanne Jøtne Walsh  
Dato: 25.03.2019

*Dette er en kopi. Originalbrevet er sendt til MELAND KOMMUNE .*

---

## **Innvilgar tilskot til Søknad om overføring av ubrukte midler over statsbudsjettet 2019 kap. 762, post 63**

Helsedirektoratet viser til søknad på tilskot 08.03.2019 under tilskotsordninga Oppfølging av akuttmedisinforskriften.

### **INNVILGING AV TILSKOT**

Helsedirektoratet innvilgar tilskot på inntil 25 022 kroner til Søknad om overføring av ubrukte midler over kap. 762, post 63 på statsbudsjettet for 2019.

De får overført 25 022 kroner i ubrukt tilskot frå tidlegare år, og dette er inkludert i tilskotsbeløpet. Utbetalinga for i år blir på 0 kroner.

I vurderinga vår har vi mellom anna lagt vekt på tildelingskriterium, budsjettet for søknaden, forventa måloppnåing og framdriftsplan.

### **VILKÅR FOR TILSKOTET**

#### **Mål, føringar og vilkår**

Tilskotet skal brukast i samsvar med budsjett og tiltak som er beskrivne i søknaden, regelverket for ordninga og krava i dette brevet.

Tilskotet skal dekkje utgifter til aktivitetar som rettar seg mot måla. Målet for ordninga er at brukerne skal få en bedre kvalitet på legevaktjenesten.

Tilskotet skal brukast i samsvar med budsjett og tiltak som er beskrivne i søknaden.

Tilskotet skal ikkje dekkje utgifter til:

- innkjøp av utstyr eller investeringar

Tilskotet kan ikkje omdisponerast til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet.

#### **Helsedirektoratet**

Avdeling akuttmedisin og beredskap

Hanne Jøtne Walsh, tlf.: +4740079459

Postboks 220 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Vitaminveien 4, Oslo • Tlf.: (+47) 47 47 20 20

Faks: 24 16 30 01 • Org.nr.: 983 544 622 • [postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no) • [www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)

## RAPPORTERINGSKRAV

### Rapporteringsfrist

De skal rapportere til Helsedirektoratet seinast innan **1. april** neste år. For prosjekt/aktivitetar/drift som går over fleire år, skal de rapportere kvart år de tek imot tilskot. Nærmare krav til rapportering finn de nedanfor.

De skal rapportere i eit elektronisk skjema på Altinn. Lenke finn de på [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd). Når de skal søkje om tilskot eller rapportere om eit tilskot, er det ein fordel å ha ei rolle for verksemda i Altinn. Les meir om dette på nettsidene

### Rapportering på måloppnåing

Rapporteringa skal forklare korleis og i kva grad måla for tilskota er oppnådde. Dette gjer de ved å gi ein rapport på følgjande rapporteringskrav:

1. Antall kursdeltakere i akuttmedisin for leger og annet helsepersonell i legevakt.
2. Antall kursdeltakere i volds- og overgrepshåndtering for leger og annet helsepersonell.
3. Antall nyansatte operatører i legevaktsentraler som oppfyller kravene i akuttmedisinforskriften §13f.

Andre rapporteringskrav:

- framdriftsplan
- excel tabell

### Rekneskapsrapportering

Det skal førast rekneskap for tilskotet og eigenfinansieringa, skilt frå resten av rekneskapet for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapet skal berre vise kva for utgifter som er dekte av tilskotet og eigenfinansieringa.

Rekneskapen skal kunne samanliknast med budsjettet i søknaden.

Rapporteringsmalen inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapstala skal førast inn i. I tillegg skal det leggjast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva artskonti utgiftene er fordelte på. Utskrifta kan vise utgifter aggregerte per art og treng ikkje vise dei enkelte bilaga. De finn meir informasjon om krav til rekneskapen i standardvilkåra.

### Revisorkontroll

Rekneskapen skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner) i samsvar med Den norske revisorforening sin standard [ISA 805 Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling](#). Mottakaren av tilskotet må gi revisor ein kopi av dette brevet før revisorkontroll.

Dersom det innvilga tilskotet er høgare enn kr 200 000 kroner per år, men forbruket er lågare enn kr 200 000 kroner per år, kan de levere revisorstadfesting for to år om gongen.

Krav til revisorstadfesting gjeld ikkje for:

- tilskotsbeløp på under 200 000 kroner
- tilskot til statlege verksemder og forvaltningsorgan underlagde rekneskapsrevisjonen til Riksrevisjonen
- tilskot til helseføretak, så framtid prosjektrekneskaper inngår i den reviderte totalrekneskaper til føretaket
- mindre aksjeselskap som oppfyller vilkåra til Skatteetaten for å kunne bli unnatekne revisjonsplikt, og som har registrert dette i Regnskapsregisteret

#### **KLAGERETT**

De har ikkje rett til å klage på avgjersla. Dette følger av forvaltningslova § 28.

#### **AKSEPT AV VILKÅR**

Tilskotet blir utbetalt når Helsedirektoratet har teke imot «Aksept av vilkår» (lagt ved). Akseptbrevet må returnerast straks og seinast innan fire veker etter at brevet er teke imot. Innvilging av tilskot kan trekkjast tilbake etter ei purring.

All korrespondanse skal sendast til [postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no) eller postadressa vår og skal merkjast med referansen vår 18/10218.

Vi ønskjer dykk lykke til med arbeidet og ser fram til å høyre om resultatane.

Vennlig hilsen

Steinar Olsen e.f.  
Avdelingsdirektør

Hanne Jøtne Walsh  
førstesekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

Kopi:

---

Postmottak Meland

# STANDARDVILKÅR FOR TILSKOT FRÅ HELSEDIREKTORATET

## Gi beskjed om endringar

Helsedirektoratet må ha skriftleg beskjed så fort som mogleg dersom mottakaren får ny adresse, nytt kontonummer og/eller ny kontaktperson. Mottakarar utan fast tilsette må informere om ny leiar og/eller økonomiansvarleg/kasserar.

## Generelle vilkår

Dersom det blir kjøpt inn utstyr utover det som er lagt til grunn i tilskotsbrevet, eller utover det som blir rekna som rimeleg, kan Helsedirektoratet krevje at mottakaren tilbakebetaler verdien når prosjektet/aktiviteten/driften er avslutta. Investeringar og utstyr som blir kjøpt inn, kan reknast som Helsedirektoratet sin eigedom.

Utgifter til reise-, kost- og nattillegg må ikkje overstige satsane i Statens reiseregulativ, jf. Statens personalhåndbok.

Lønsmidlar til mottakarar som hovudsakleg blir finansierte av offentlege tilskot, skal ikkje overstige det som er rimeleg i forhold til statlege løningar.

## Lov (forskrift) om offentlig anskaffelse og krav til kjøp av varer og tenester

Tilskotsmottakarar som er omfatta av lov og forskrift om offentlige anskaffelser, må følge desse ved bruk av tilskotsmidlar. Dei grunnleggjande krava i lova er å sikre konkurranse, føreseielegheit, gjennomsiktighet og etterprøvbarheit og at utveljinga skal skje etter ikkje-diskriminerande og objektive kriterium.

I nokre tilfelle vil det vere vanskeleg å vurdere om ein er omfatta av denne lova og forskrifta. Tilskotsmottakarar som hovudsakleg er finansierte av offentlege midlar (over 50 prosent), må vurdere om dei er omfatta av forskrifta.

Desse verksemdene er omfatta av forskrifta, jf. forskrift om offentlige anskaffelser § 1-2:

1. *Denne forskrift gjelder statlige, kommunale, fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer og sammenslutninger dannet av en eller flere av disse.*
2. *Et offentligrettslig organ er ethvert organ:*
  - a. *som tjener allmennhetens behov, og ikke er av industriell eller forretningsmessig karakter, og*
  - b. *som er et selvstendig rettssubjekt og*
  - c. *som i hovedsak er finansiert av myndigheter eller organer som nevnt i første ledd, eller hvis forvaltning er underlagt slike myndigheters eller organers kontroll, eller som har et administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmene er oppnevnt av slike myndigheter eller organer.*

## Rekneskap

Tilskotet blir gitt som nettotilskot, med unntak av tilskot til frivillige organisasjonar.

### Inntekter

Rekneskap som blir sendt til Helsedirektoratet, må omfatte alle inntektene som knyter seg til prosjektet/aktiviteten/driften det er gitt tilskot til. Unntaket er momskompensasjon for frivillige organisasjonar, som blir omtala under. Inntekter knytte til arbeidet eller dei utgiftene som er førte, skal òg førast opp i rekneskapen. Eksempel kan vere sjukelønsrefusjonar og inntekter frå sal av utstyr, varer eller tenester.

Momskompensasjon til frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar kan søkje om momskompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Dette er ei eiga tilskotsordning og skal haldast utanom rekneskapstalet som blir innrapportert for prosjektet/aktiviteten/drifta. Alternativt skal momskompensasjonen merkast tydeleg, slik at eit eventuelt overskot som følgje av momskompensasjon ikkje blir trekt frå framtidige tilskot eller blir kravd tilbakebetaling for.

### **Lengda på tilskotet og bruk av ubrukt tilskot**

Tilskotet er innvilga for dette året.

*Bruk av ubrukt tilskot:*

1. **Tilbakebetaling av tilskot:**

Dersom det på slutten av året står att ubrukne tilskotsmidlar og de ikkje brukar heile tilskotet til prosjektet/aktiviteten/drifta, må det ubrukne tilskotet tilbakebetalast straks til Helsedirektoratet, kontonummer 7694 05 12162. Merk betalinga med kapittel, post og referansen vår, 18/10218. De må informere Helsedirektoratet om tilbakebetaling ved å sende ein e-post til [tilskudd@helsedir.no](mailto:tilskudd@helsedir.no) merkt med referansen vår, 18/10218.

2. **Avkorting av tilskot for neste år dersom de òg søker om nytt tilskot:**

Dersom det på slutten av året står att ubrukne tilskotsmidlar og de skal søkje om nytt tilskot det påfølgjande året, kan de anten tilbakebetale ubrukne midlar eller få avkorta tildelinga for neste år på grunnlag av dei ubrukne midlane. Dette krev at de sender inn ein ny fullstendig søknad i samsvar med kunngjeringa og den årlege søknadsprosedyren. Søknadsbeløpet må innehalde både ubrukt tilskot og nytt tilskot.

3. **Overføring av tilskotsmidlar dersom prosjektet skal ferdigstillast/avsluttast – berre eitt år:**

Dersom det på slutten av året står att ubrukne tilskotsmidlar og prosjektet ikkje er ferdigstilt, kan de søkje om å få overført tilskotet eitt år. Dette krev at de sender ein kortfatta søknad per brev eller e-post. Sakshandsamar vurderer om det er behov for fleire opplysningar eller ein heilt ny søknad, før overføringa kan handsamast.

### **Moglege reaksjonsformer dersom mottakaren oppgir urette opplysningar eller ikkje bruker tilskotet i samsvar med dei vilkåra som er fastsette**

Dersom mottakaren ikkje opptrer i samsvar med føresetnadene i tilskotsbrevet og regelverket, kan heile eller delar av tilskotet bli kravd tilbakebetalt. Misleghald kan bli forfølgd rettsleg.

### **Ubrukt tilskot som de ønskjer å overføre**

Tilskotet er innvilga for dette året. Dersom de ikkje brukar opp heile tilskotet, kan de søkje om å få overført det til neste år.

1) *Dersom de skal søkje om nytt tilskot for å vidareføre arbeidet:*

Tilskot som de ikkje brukar, kan overførast og inkluderast i neste års tildeling. Dette krev ein ny fullstendig søknad. Søknadsbeløpet må inkludere både ubrukt tilskot og nytt tilskot.

2) *Dersom nytt tilskot ikkje er aktuelt:*

Tilskot som de ikkje brukar, kan òg overførast til neste år, sjølv om det ikkje er aktuelt med nytt tilskot. Dette krev ein kortfatta søknad per brev eller e-post. Sakshandsamar

vurderer om det er behov for fleire opplysningar eller ein heilt ny søknad, før overføringa kan handsamast. Tilskot kan maksimalt overførast eitt år når nytt tilskot ikkje er aktuelt.

### **Dokumentinnsyn**

Mottakar har rett på innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.

### **Tilsyn eller kontrollar**

Rapportar/resultat frå relevante offentlege tilsyn eller kontrollar skal sendast inn fortløpande til Helsedirektoratet.

### **Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon**

Helsedirektoratet krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller rapporteringa, skal oppbevarast for kontroll i minimum 10 år etter at tilskotet blei teke imot.

Helsedirektoratet tek atterhald om at vi har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadene, og at vi kan undersøkje alle dokument og stader som vi måtte krevje, hjå tilskotsmottakaren og samarbeidspartnarar, jf. bevilgningsreglementet § 10.2. Dersom Helsedirektoratet har delegert ansvaret for tilskotsforvaltninga til andre, tek vi òg atterhald om deira rett til kontroll.

Riksrevisjonen har moglegheit til å kontrollere om tilskot blir brukte etter føresetnadene, med heimel i Lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

### **Kunngjering av tilskot**

Kunngjering med søknadsfrist blir publisert på [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd).